



Sunndalsøra 1. desember 2014

Til høyring av ny forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.

Landbruk Nordvest syner til departementet sitt høyringsbrev av 17. oktober 2014 der frist for merknadar er sett til 1. desember 2014.

Landbruk Nordvest (LNV) er ein landbruksorganisasjon i Møre og Romsdal som arbeider både med avløyingsformidling og landbruksrådgiving. LNV, med sine 1450 medlemmar, er medlem både i Norske Landbrukstenester (NLT) og Norsk Landbruksrådgiving.

Landbruk Nordvest støttar NLT sitt svar i denne høringa og viser til NLT sitt høringssvar datert 26. november 2014

LNV vil som NLT peike på at fleire av dei endringane som er foreslått ikkje vil føre til ei forenkling av ordninga, lette arbeidet i forvaltninga eller til betre velferdsordningar for bonden. Det er diverre gjort lite eller ingen konsekvensutgreiing, som ligg til grunn for endringsforslaga. Vi er redd for at eit resultat av dei føreslegne endringane innanfor velferdsordningane i landbruket er med på å gjera dyrevelferden dårlegare.

LNV sine hovudsynspunkt er:

- Ordninga må ikkje gjerast meir fleksibel ved å gå vekk frå eit arbeidsgjevar-/arbeidstakarforhold, og opne opp for kjøp av tenester frå andre.
- Ordninga vert svekka ved at søker ikkje kan velja å overføra tilskottet tilavløysarlag/-ring

For styret i Landbruk Nordvest

Ivar Bakken

Dagleg leiar